

---

Saksnr: 2020/37649-3  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

**Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av Bybanen Utbygging****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av punkta 3, 4 og 5 i forvaltningsrevisjon internkontroll av Bybanen utbygging til møte i utvalet 25.11.2020.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på kvart punkt for å få på plass forbetringane.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 04.11.2020.

**Samandrag**

Denne saka er kontrollutvalet si andre oppfølging av vedtak gjort i fylkestinget 01.10.2019 av forvaltningsrevisjonsrapport internkontroll i Bybanen utbygging.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Tilbakemelding på status for oppfølging av forvaltningsrevisjon internkontroll Bybanen Utbygging
- 2 Vedlegg 1 Utdrag fra dokumentoversikt Utbyggingshåndboken
- 3 Vedlegg 2 Årshjul K-HMS Bybanen utbygging
- 4 Vedlegg 3. Revisjonskalender revisjon og sikkerheit
- 5 Vedlegg 4. Sjekkliste ledelsens gjennomgang

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 68/19 i møte 01.10.2019:

*«På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon av Bybanen Utbygging ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:*

- 1. At det vert utarbeidd skriftlege rutinar knytt til:
  - a. dei ulike oppgåvene som inngår i hovudprosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem, og*
  - b. dei delane av anskaffingsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar.**
- 2. Etablere systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nytta i samsvar med intensjonen.*
- 3. Sørge for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinn, under dette oversikt over kva utgifter dei ulike involverte aktørane skal betale for, samt rutinar for å berekne dei kostnadar som skal vidarefakturerast og når kostnadane skal betalast inn.*
- 4. Evaluere prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4, og gjennomfører analysar av om det i samband med inngåing av denne type kontraktar finst relevant forbetringpunkt det er viktig at BU tek omsyn til i seinare prosessar for inngåing av tilsvarende kontraktar.*
- 5. At det vert arbeidd vidare med å løyse utfordringane når det gjeld samhandling med Bane NOR og oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumentsenetert i Hordaland fylkeskommune.*
- 6. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

**På bakgrunn av punkt 6 i vedtaket over handsama kontrollutvalet handlingsplan i møte 13.02.2020 der det vart gjort slikt vedtak:**

- 1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av forvaltningsrevisjon internkontroll i Bybanen utbygging til møte i utvalet 08.06.2020.*
- 2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på alle punkta for å få på plass forbetringane.*
- 3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020.*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e som lyd slik:

*«vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»*

### Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke vedlagte notat, inkludert 4 vedlegg, dagsett 18.05.2020 frå fylkesrådmannen, som inneheld status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll i Bybanen utbygging. Vedlegg 1 Utdrag fra dokumentoversikt Utbyggingshåndboken er eit stort rekneark som ikkje eignar seg som vedlegg til ei politisk sak. Dette vedlegget vert i staden vist på veggen i møtet. Av notatet går det fram at fleire av prosessane for å bidra til forbetring på området

er ferdig gjennomført. Det går vidare fram av notatet at forbetningsarbeidet for punkta 3, 4 og 5 i hovudsak vil vera ferdig innan september 2020.

På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet be om å få ny skriftleg tilbakemelding på status på oppfølging av punkt 3, 4 og 5 i forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet 25.11.2020.

Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på kvart punkt for å få på plass forbetringane.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg tilbakemelding på status på oppfølging av punkta 3, 4 og i denne forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet 25.11.2020. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort på kvart punkt for å få på plass forbetringane.